Sunnfjord kommune

Årsplan 2023–2026

Bygstad barnehage

Innhald

Einingsleiar har ordet ... 3
Presentasjon av barnehagen ... 4
Visjon for barnehagen ... 4
Om barnehagen ... 4
Barnehagen sitt verdigrunnlag ... 4
Leik ... 5
Satsingsområde for barnehagen 2023 - 2026 ... 6
Fagområder frå rammeplanen til barnehage ... 6
Medverknad ... 7
Barn ... 7
Foreldresamarbeid ... 8
Tidleg innsats ... 9
Overgangar ... 9
Når barnet startar i barnehagen ... 9
Overgangar i barnehagen ... 9
Overgang mellom barnehage og skule ... 10
Samarbeid ... 10
Samarbeid internt i barnehagen ... 10
Samarbeid med eksterne instansar ... 10
Vurdering ... 10
Hendingar og markeringar i barnehagen ... 11

Einingsleiar har ordet

Velkommen til Bygstad barnehage!

Bygstad barnehage skal jobbe for å imøtekomme måla i rammeplanen og formålsparagrafen i Lov om barnehagar. Det vil sei at vi skal ivareta barnas behov for omsorg, leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Vi skal jobbe med respekt for kvarandre, både barn og vaksne.

Barnehagen skal jobbe for

- Oppnå gode barnegrupper der borna har mogelegheit for å danne gode relasjonar og utvikle sin eigen personlegdom
- Auke kompetansen til personale når det gjeld relasjonar og tilknytingsprosessen hos barn
- Eit godt arbeidsmiljø, der dei vaksne tør å by på seg sjølv og opplever meistring og utvikling
- Humor i kvardagen
- Motarbeide krenking og utestenging. (Inkluderande barnehagemiljø)
- Gi personale kompetanse på å vere gode førebilete og vere aktivt til stades for borna
- Ha god, open og respektfull dialog med foreldre/føresette
- Det fysiske miljøet skal vere stimulerande og utfordrande både ute og inne
- Jobbe med fagområda i Rammeplanen
- Barnehagen som organisasjon skal vere oppdatert på samfunnet kring oss, og vere opne for endringar

Barnehagar er pålagt gjennom lov og Rammeplan å skrive årsplan. Årsplanen skal presentere barnehagen på ein slik måte at det tydeleg kjem fram korleis personalet arbeider med områda i rammeplanen. Arbeid etter Rammeplanen skal tilpassast varierte driftsformer og lokale tilhøve og rammeføresetnader.

Anne Jorunn Fauske
Bygstad barnehage

Presentasjon av barnehagen

Visjon for barnehagen

Ein trygg stad å være – saman skal vi lære

Om barnehagen

Bygstad barnehage ligg landleg til i Bygstad, med utsikt mot Storehesten og elles god tilgang til naturen kring oss.

Sunnfjord kommune eig barnehagen. Barnehagen har 5 avdelingar for born i alderen 1 – 6 år. Barnehagen føl pedagognorm og bemanningsnorm. Vi har ei stabil personalgruppe, men likevel med utskifting som gje oss nye auge som ser, og medverkar til drifta si utvikling.

Barnehagen si åpningstid er kl. 07.00 – 16.30.

Barnehagen eig ei grillhytte som ligg i Eideåsen. Denne har alle barnehageborna mogelegheit å komme til, både gåande, syklande og i vogn.

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Verdiorda vi jobbar etter:

- Trivsel
- Humor
- Tradisjonsberar

Inkludering er fundamentet i barnehagen sitt verdigrunnlag. Rammeplanen er tydeleg på at barnehagen skal vere eit inkluderande fellesskap med plass til det einskilde barn. Personalet har ansvar for at alle barn får oppleve at dei sjølv og alle i gruppa, er viktige personar for fellesskapet. Det er viktig at borna har gode relasjonar til andre barn og har trygge vaksne kring seg.

Barnehagen skal fremje positive handlingar som motverkar avvising/utestenging, mobbing og vald. Inkludering betyr at ein må endre heilskapen, slik at alle fin ein plass der. Miljøet må tilpassa seg barnet, ikkje motsett. Inkludering er ein kontinuerleg prosess, som ein aldri blir ferdig med, men må jobbast med kvar dag.

Leik

Leik og læring

Leiken har ein særskild viktig plass i barna sitt liv og difor også i barnehagen. Det er umogleg for barn å la vere å leike. Nokre aktivitetar i barnehagen vert planlagt av personalet i førekant (formell læring). Andre læringssituasjonar (uformell læring), er dei som berre oppstår her og no, fordi barna er oppteken av noko. Begge situasjonane har eit pedagogisk mål og er viktige for barna si læring.

Leik og læring går hand i hand for små barn. I leiken/rolleleiken tileigna barna seg kunnskap, sosial dugleik, utvikling av språket, dei bearbeider kjensler, lære seg normer og verdiar. Leiken bidreg til livsglede, entusiasme, motivasjon og utvikling. Barnet leikar med utgangspunkt i si nyfikenheit, evnene og føresetnadene sine. Det er difor viktig at barnehagepersonalet utviklar høg kompetanse på leik. Forsking syner at når barn og foreldre blir spurt om kva som er det viktigaste i barnehagen, er svaret samrøystes: Venskap og leik!

Mange ulike aktivitetar og pedagogiske metodar konkurrerer om plass i barnehagekvardagen, men framleis kan ingenting måle seg med leiken, som er barnet si eiga ibuande kraft. Leiken vert kjenneteikna av at den er spontan, frivillig og styrt av barnet sine indre førestillingar, erfaringar og fantasiar.

I rammeplanen til barnehagen vert det understreka at barn som ikkje deltek i leik, vert halden utanfor eller øydelegg andre sin leik, må gjevast særskilt oppfølging. Barn treng vaksne som støttar, stimulerer og gir utviklande innspel til rolleleiken. Barnehagen skal leggje til rette for variert leik som gjev høve for læring, gode opplevingar, glede og meistring.

Derfor har leiken stor plass hos oss, særleg den uformelle leiken som oppstår her og no. Her er det vi vaksne skal opptre støttande og vere aktive med borna. Dvs. Vi skal vere i nærleiken, sjå når og kva som trengst av oss til ei kvar tid, «fylle på» leiken for å utvikle den på borna sine premissar. Vi skal hjelpe borna i dialogen med kvarandre i dei ulike prosessane borna er i. Det trengst gjerne berre eit lite ord, eit blikk, eit smil osv. for at leiken skal bli verdifull for det enkelte barnet.

Vidare har vi fokus på kva borna til ei kvar tid har av interesser. Kva treng dei i leiken sin av materielle ting? Vi har fokus på å legge til rette det fysiske miljøet slik at det skal vere til inspirasjon og nyfikenheit hos det enkelte barn.

Satsingsområde for barnehagen 2023 – 2026

Grensesetting

Sette grenser på ein positiv måte.
Bruke dagsrytmen som verktøy.
Arbeide fram ein dagsrytme der borna opplever kjende rutinar og oversikt over dagen sin. Møte vaksne som er samkøyrd og har same forståing for dagsrytmen.

Kompetanseheving hos personale:
Personal som veit kva ein gjennomarbeida dagsrytme har å bety når det gjeld å sette grenser på ein positiv måte.

Fokusområde 2025 - 2026

Kommunikasjon, språk og tekst

Vi brukar eventyr som hovud verktøy

Uteliv

Fokus på uteliv både i og utafor barnehagen

Fagområde frå rammeplanen til barnehage

Alle fagområda blir arbeidd med i dei ulike satsingane som barnehagen har.

Kommunikasjon, språk og tekst
- I leiken kommuniserer vi og utviklar språket
- Lesing av bøker med borna
- Aktiv bruk av song, rim og regler

Kropp, rørsle, mat og helse
- Aktive både ute og inne
- Det du et – blir du. Kosthold
- God helse startar tidleg

Kunst, kultur og kreativitet
- Skaparglede
- Oppleve kunst og kultur og utrykkje seg estetisk

Natur, miljø og teknologi
- Dersom vi vert glad i naturen, ynskjer vi å ta vare på den når vi vert store!
- Ut på tur, aldri sur!

Mengd, rom og form
- Kor mange skal du ha?
- Dette er den største
- Den kostar åtte kroner
- Kven er kortast?

Etikk, religion og filosofi
- Toleranse og interesse for kvarandre
- Rom for undring, filosofering og samtalar

Nærmiljø og samfunn
- Barnehagen høyrer til i ein samanheng og er ein del av eit nærmiljø

Rammeplanen seier kva barnehagen skal bidra med for å nå måla innanfor kvart fagområde. Rammeplanen seier og kva retning personale må jobbe for å nå måla.

Framgangsmåten for personale for å nå måla går att i alle fagområda. Vi skal vere gode lyttarar, organisere kvardagen og ha kunnskap om tema, etikk og tradisjonar. Personale må ha kunnskap om barn sin måte å lære og kommunisere på, legge til rette for eit lærerikt og motiverande miljø, samt nytte oss av nærmiljøet.

Vi møter alle fagområda i kvardagen vår, og det er viktig at personale er seg sjølv bevisst dette. Vi jobbar med fagområda gjennom prosjekt i tillegg til det vi vektlegg gjennom daglege rutinar. Det er pedagogane, med sin kompetanse, som driv eit prosjekt ved å nytte seg av barns medverknad og undring, og personale sin kompetanse.

Medverknad

Barn

Barn sin medverknad er nedfelt gjennom FNs barnekonvensjon og i lov om barnehager §3.

Medverknad må ikkje forvekslast med medbestemmelse. Omgrepet kan forståast som å gjere noko saman. Ein måte å oppfatte barna sin rett til medverknad, er å seie at kvart barn har rett til å erfare at røysta deira vert teken på alvor og har verknad i fellesskapet. Medverknad er deltaking som har påverknad på barnehagen sitt

innhald. Ei vid forståing inkluderer barna sin rett til å få støtte i å uttrykkje seg, bli synlege og ha ein verknad i sosial samanheng.

Personale har heile tida fokus på relasjonen til barnet. Vårt eige og barnet sitt kroppsspråk, blikk, tonefall, lytte osv. Vi skal sjå det enkelte barnet, og barnet skal kjenne at det er sett av ein vaksen. Ved å sjå barnet, «les» vi kva barnet fortel oss utan ord. Vidare skal vi lytte til borna sitt verbale språk, og prøve å sette oss inn i situasjonen barnet har som utgangspunkt for det som vert formidla.

Reint praktisk får borna delta i ulike val av aktivitetar, vere i dialog i rutinesituasjonane i kvardagen og delta aktivt med meiningar, og vegen vidare i prosjekt.

Foreldresamarbeid

Foreldra sin medverknad er nedfelt i barnehagelova. Foreldra skal ha høve til påverknad gjennom samarbeidsutval, foreldremøte og foreldresamtalar. Oppsedinga er foreldra sitt ansvar i følgje barnekonvensjonen og barnelova. Barnehagen skal vere eit supplement til heimen.

Både foreldre og personale må forholde seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag, som det er personalet si oppgåve å forvalte. Barnehagen må forholde seg til foreldre einskildvis, og samstundes heile gruppa. Foreldra skal vere trygge på at barna deira får omsorg, blir sett og respektert og at dei får delta i eit fellesskap som gjer dei godt.

Slik gjer vi det …

- Foreldre får tilsendt månadsplan/brev
- Tilbud om 2 stk. foreldresamtaler pr. år
- Eit foreldremøte pr. år
- Sommarfest
- Foreldreråd: Alle foreldre/foresatte som har barn i barnehagen
- Samarbeidsutval: To representantar frå forelda sit i SU
  Ein er leiar, ein er medlem.

Andre foreldre kan ta kontakt med desse om det er ynskjeleg.

Foreldrerepresentantane i SU vert valde for to år av gangen. Vi har val kvart år, slik at ikkje begge representantane vert nye på same tid.

Den uformelle kontakten med foreldra gjennom dagen og veka er veldig verdifull i samarbeidet

Tidleg innsats

Sunnfjord kommunen jobbar med å innføre gode verktøy for å sikre barn ein god barndom med tilrettelegging for dei som har behov for det. Nedanfor finn de meir informasjon om framgangsmåte og verktøy som vert brukt.

Tidleg innsats

Målet til Sunnfjord kommune er å styrke tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at færre barn har bruk for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning. De kan lese meir om tidleg innsats i handboka. (Linken)

Handbok for tidleg innsats

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Betre Tverrfagleg Innsats skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen. De kan lese meir om verktøyet i linken nedanfor.

BTI - modell

Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

I starten er det viktig å gje borna god tid til å verte kjende med barnehagen, dei andre barna og dei vaksne. Borna er svært ulike og tilvenninga kan verte svært ulik frå barn til barn. Det er mykje nytt og mange inntrykk. Derfor er det viktig med ein god start. Alle foreldra har rett på tre dagar tilvenning i barnehagen.

Dialogen med foreldra er viktig i denne prosessen. Før første møte får foreldra tilsendt ein del informasjon og ein velkomst til barnehagen. Vi avtaler tidspunkt på første møte.

Fyrste dag:
Kome til barnehagen og vere nokre timar i lag med barnet. Primærkontakten, ein vaksen på avdelinga, prøver å gjere seg kjend med barnet.
Andre dag:
Ein utvidar lengda på opphaldet etter avtale med personale. Vi ser korleis det går, og gjere avtale for vidare tilvenning dei neste dagane.

Overgangar i barnehagen

Ved overgang frå ei avdeling til ei anna, er det stort sett personale som gjennomfører tilvenning. Barna som skal bytte avdeling vert følgt av ein vaksen frå si avdeling i små

økter gjennom dagen over ein periode. Finne plassen i garderoben, vere med i leik, ved måltid, ute osv. Vaksne på ny avdeling gjere seg kjend med barna.

Overgang mellom barnehage og skule

Det skal leggjast til rette for at barn kan ta avskil med barnehagen på ein god måte, glede seg til å byrje på skulen, og oppleve at det er ein god samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for at dette skjer. Dersom det er behov for særskild tilrettelegging for einskildbarn, skjer dette i nært samarbeid med heimen til barnet. Det er lagt opp til rutinar for overgangen mellom barnehage og skule.

I Bygstad barnehage har vi eit tett samarbeid med skulen i denne prosessen. Vi organiserer tidleg samarbeid med 1 klasse og litt seinare fadderklassen. Vi har faste rutinar i lag med fadderklassen, der dei får sine fadderbarn og blir kjende med dei. Vi går på besøk til kvarandre, går turar i lag og har gjerne lesestund. Så snart klassekontakten er på plass får barnehageborna besøk av ho/han.

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Målet vårt er å ha eit godt arbeidsmiljø, der alle skal kjenne seg medverkande, respektert og oppleve å bli inkludert. Kvardagen vår skal innehalde humor. Barnehagen jobba kontinuerleg med dette i fokus.

Vi jobbar med vi – kjensle. Barnehagen er vårt felles ansvar, og personale skal kjenne på ansvar for at kvardagen skal gå fint for alle avdelingane. I praksis betyr det at vi hjelper kvar andre der det er trong for det. T.d. Omplassering til andre avdelingar ved behov, stille seg positiv til å byte vakter om nødvendig ol.

Vi har desse fora for samarbeid til å sikre både fagleg utvikling, eigenutvikling og utvikling av gruppa.
Personalmøte, avdelingsmøte, pedagogisk leiar møte, treparts møte, medarbeidarsamtalar og blåtur. Det viktigaste fora for eit godt arbeidsmiljø er det vi opplever og leverer i kvardagen.

Samarbeid med eksterne instansar

Barnehagen har mange samarbeidspartar som barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), barne og ungdomspsykiatri (BUP), helsestasjon, skulane, Høgskulen i Vestland avd. Sogndal etc. Foreldre/føresette vil alltid bli informert og involvert i saker som gjeld deira barn.

Vurdering

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon som har rutinar og metodar for å sikre at ein heile tida lærer av eigen praksis. Gjennom dokumentasjon kan vi gje foreldre, lokalmiljø og barnehagemynde informasjon om verksemda vår som gir høve til å fornye og forbetre barnehagen. Vi skal dokumentere kva barna opplever, korleis

dei trivs og kva dei lærer i barnehagen. Eit etisk perspektiv må leggjast til grunn når barnehagen dokumenterer barna sin leik og læring.

Barnehagesektoren har eit stort fokus på seg når det gjeld vurdering og dokumentasjon, og arbeidet vert gjennomført på mange ulike måtar i barnehagane.

Ikkje alle områder er mogleg å dokumentere, særleg den daglege kommunikasjonen og relasjonen vi har med born og vaksne. Vi kan planlegge og jobbe med å auke kompetanse, men å dokumentere det, er ikkje enkelt. Vurderingar av opplevingar av miljøet vi er i kvar dag, er derfor viktig å gje rom for. Dette jobbar vi aktivt med i både personal- og avdelingsmøtet jamleg.

Kvar barn har sitt eige «Alle Med» skjema. Dette er eit verktøy vi brukar for å dokumenterer barnet si utvikling.

I kvardagen nyttar vi foto og synlege oppslag i miljøet vårt som dokumenterer det vi jobbar med. Slik dokumentasjon er god læring for borna, og syner godt for dei som kjem innom barnehagen.

Vi nyttar månadsbrev i form av tekst og/eller Power Point.

Hendingar og markeringar i barnehagen

Vinter

Desember

Adventsamling – felles på huset

Nissefest

Lucia frukost i barnehagen med foreldre

Juleavslutning i lag med skulen i kyrkja – Vi opnar gudstenesta med å gå Lucia med dei eldste borna.

Februar

Karneval

Mars/april

Ski/ake dag i barnehagen, ev Langeland

Påske og tradisjonar

Ryddedag/bossplukking ute, med is etterpå.

Mai

Nasjonaldag med eiga fane i barnetoget

Sommar

Juni

Sommarfest med borna sin familie.
Grilling, program og sosialt samvær.

Haust

Vi hausta grønsakene våre

Vi inviterer 1. klasse på grønsak suppe